

SULDAL KONTROLLUTVAL**INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET**

Dato: torsdag 11. juni 2020
Tid: kl. 10.00
Stad: Suldal kommunehus, kommunestyresalen

Forfall melder du til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977, e-post: post@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir varamedlemmer kalla inn særskilt. Medlemmer som meina seg ugilde, må gi melding om dette slik at varamedlemmer kan innkallast. Sakskartet vil bli lagd ut på kommunen si nettside og på www.kontrollutvalgene.no

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sende til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmann er invitert i sakene 8 - 10

SAKLISTE:

07/20 Godkjenning av protokoll frå møte 25.05.20

08/20 Referat- og orienteringssaker 11.06.20

09/20 Orientering frå administrasjonen – v/rådmannen

10/20 Oppfølging av forvaltningsrevisjonsrapport – «Klima og energiplan»

11/20 Framlegg til plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2021-2024

12/20 Val av nytt forvaltningsrevisjonsprosjekt

13/20 Reglementet til kontrollutvalet – endringar som følgje av ny kommunelov

Ymse

Aksdal, 04.06.20

Tormod Skeie (sign.)
Kontrollutvalsleiar

Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (er invitert i sakene 8 - 10)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.06.20	07/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.05.19

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Protokoll frå møte i Suldal kontrollutval 25.05.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Vedlegg: protokoll frå kontrollutvalsmøte 25.05.19

Saksorientering:

Utkast til protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 25.05.19 følgjer vedlagt. Protokollen er gjennomlest og godkjent av leiar i etterkant av møtet og er oversendt kommunen slik han ligg føre. Det er ikkje kommet merknader til vedlagt protokoll.

Protokollen godkjennast formelt i dette møtet, og utvalsleiar eller evt. møteleiar vil så signere protokollen.

Aksdal, 04.06.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

SULDAL KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **25. mai 2020** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av leiar Tormod Skeie.

MØTESTAD:	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
MØTESTART-MØTESLUTT:	kl. 10.00 – 14.10 inkl. pause
MØTANDE MEDLEMMER:	Tormod Skeie (SV), Eldbjørg Sivertsen (Uavh.), Per Gudmund Øxtra (Sp), Henrik Halsne (Ap), Ragnhild Sukka (V)
MØTANDE VARAMEDLEMMER:	Ingen
FORFALL:	Ingen
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Seniorrådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Regnskapsrevisor Tore Kristensen og forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg - Rogaland Revisjon IKS
FRÅ ADMINISTRASJONEN MØTTE:	Rådmann Øyvind Valen og kommunekasserar Arnfinn Gundersen i sak 2
ANDRE SOM MØTTE:	Ingen
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Ingen

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 21.11.19

Sekretariatet si innstilling:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.05.20:

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.20:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 21.11.19 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 02/20 SULDAL KOMMUNE – UTTALE TIL ÅRSREKNESKAPEN FOR 2019

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2019 slik den ligg føre (med desse endringane / tilleggga).

Handsaming i kontrollutvalet 25.05.20:

Kommunekasserar Arnfinn Gundersen orienterte om årsrekneskapen. Rådmannen orienterte om årsmeldinga. Dei svara på spørsmål frå medlemmene.

Utvalet slutta seg til framlegg til uttale.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.20:

Suldal kontrollutval vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2019 slik den ligg føre:

Suldal kommune sin årsrekneskap for 2019 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på 11,5 millionar kroner.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med 57,7 millionar kroner. Det utgjer 10,1 %, som er godt over tilrådd nivå på 1,75 %.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2019 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.19.

Ut over dette har kontrollutvalet ingen andre merknader til Suldal kommune sin rekneskap anna enn det som går fram av revisor sitt årsoppgjørnotat og revisjonsmeldinga.

SAK 03/20 ARBEIDET MED PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPSKONTROLL 2020-2024 – PRESENTASJON AV RISIKO- OG VESENTLEG-VURDERING OG PRORITERING AV PROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval tek Rogaland Revisjon sin presentasjon av Risiko- og vesentlegvurderingar til orientering.

Suldal kontrollutval prioriterer følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekt og eigarskapskontroll for perioden 2020 – 2024:

1.
 2.
 3.
- Osب.

Revisor vil innarbeide utvalet sine prioriteringar i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegg til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

Handsaming i kontrollutvalet 25.05.20:

Forvaltningsrevisor Svein Kvalvåg orienterte om Risiko- og vesentlegvurderingane, med særskilt vekt på dei med størst risiko. Medlemmene blei samde om seks prioriterte prosjekt. Forvaltningsrevisor vil innarbeide desse, saman med dei uprioriterte prosjekta, i ein ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegget til ny plan bli lagt fram for utvalet i neste møte.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.20:

Suldal kontrollutval tek Rogaland Revisjon sin presentasjon av Risiko- og vesentlegvurderingar til orientering.

Revisor vil innarbeide utvalet sine seks prioriterte og fire uprioriterte prosjekt inn i Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. Framlegget til plan blir lagt fram for kontrollutvalet i neste møte.

SAK 04/20 ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2019

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2019 (med eventuelle endringar som kjem fram i møtet).

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 25.05.20:

Utvalet slutta seg til framlegget utan endringar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.20:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2019.

Innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tek årsmeldinga for 2019 frå kontrollutvalet til orientering.

SAK 05/20 PLAN FOR ORIENTERINGAR OM RESULTATOMRÅDA OG STABSFUNKSJONANE

Sekretariatet si innstilling:

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

Møtet 11.06.20	administrasjonen v/rådmann Valen
Møtet 17.09.20	utvikling, plan og teknisk v/kommunalsjef Guggedal
Møtet 12.11.20	helse og omsorg v/kommunalsjef Angelvik

- | | |
|--------------|--|
| 1. møte 2021 | oppvekst v/kommunalsjef Rullestad Gjerde |
| 2. møte 2021 | lønn- og personal v/Tobiassen |
| 3. møte 2021 | kommunekassen v/Gundersen |
| 4. møte 2021 | servicetorget v/Vaage |
| 5. møte 2021 | |

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Handsaming i kontrollutvalet 25.05.20:

Utvalet slutta seg til framlegget utan endringar.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.20:

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

- | | |
|-----------------------|---|
| <i>Møtet 11.06.20</i> | <i>administrasjonen v/rådmann Valen</i> |
| <i>Møtet 17.09.20</i> | <i>utvikling, plan og teknisk v/kommunalsjef Guggedal</i> |
| <i>Møtet 12.11.20</i> | <i>helse og omsorg v/kommunalsjef Angelvik</i> |

- | | |
|--------------|--|
| 1. møte 2021 | oppvekst v/kommunalsjef Rullestad Gjerde |
| 2. møte 2021 | lønn- og personal v/Tobiassen |
| 3. møte 2021 | kommunekassen v/Gundersen |
| 4. møte 2021 | servicetorget v/Vaage |
| 5. møte 2021 | |

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

SAK 06/20 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.05.20

1. Samhandlinga mellom utvalet, ordfører og rådmann – til diskusjon i møtet
2. Retningsliner for korleis kontrollutvalgsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt – til diskusjon i møtet
3. Statusoversyn pr. mai 2020
4. Kst.vedtak 12.12.19, sak 169/19 – fritak for verv som varamedlem Svein Ø. Berge
5. Fylkesmannen - informasjon om statlige tilsyn med kommunane i Rogaland 2020
6. Protokoll frå representantskapsmøte i RYMI 13.11.19
7. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland Vekst IKS 21.02.20
8. Protokoll frå representantskapsmøte i Haugaland brann og redning IKS 23.04.20
9. Protokoll frå repr.møte i Haugaland kontrollutvalgssekretariat 27.04.20
10. Protokoll frå generalforsamling i Haugaland Kraft AS 30.04.20
11. Innkalling til representantskapsmøte i IKA Rogaland IKS 10.06.20
12. Oversyn over kostnadane til kontroll og revisjon 2019 og budsjett 2020
13. Perioderapportering pr. 31.12.19 frå Rogaland Revisjon
14. Tilbakemelding frå konferansen 09.01.20 – Forum for kontrollutvalg i Rogaland
15. Protokoll frå årsmøte i Forum for kontrollutvalg i Rogaland

16. Tilbakemelding frå NKRF konferansen 29. – 30. januar 2020
 17. Årsrapport og skatteregnskap for 2019 frå skatteoppkrevjaren i Suldal

Handsaming i kontrollutvalet 25.05.20:

Leiar gjorde greie for referatsakene.

Pkt. 1

Drøftinga blir utsett til neste møte. Rådmann og ordførar var ikkje til stades.

Pkt. 2

Medlemmene drøfta framlegget til retningsliner. Utvalet var samd om å be sekretariatet komprimera framlegget til 4-5 setningar til neste møte.

Utvalet hadde elles ingen merknader til referatsakene.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.05.20:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 1 – 17 til orientering.

Suldal kontrollutval ber sekretariatet komprimera «Retningsliner for korleis kontrollutvalsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt» til neste møte.

YMSE

Snøscooterkjøring og løyver

Ragnhild Sukka hadde fått melding og spørsmål frå fleire innbyggjarar om forholda rundt tildeling av snøscooterløyver og kjøring med snøscooter. Korleis er kriteriene og kven tildeler løyver ? Kven utfører og når blir kjøring kontrollert? Utvalet vil be rådmannen orientere om dette tema i neste møte.

Kommunen si heimeside

Utvalseiar sakna framleis møtedatoar for kontrollutvalet på kommunen si heimeside. Han synte til Sauda kommune, som også har ACOS systemet, at der var møtedatoane for kontrollutvalet med i oversikten.

Sakspapira i posten

Medlemmene stetta leiar sitt framlegg om at sekretariatet skal sende ut sakspapira til utvalet bae på e-post og i vanleg post (pr. brev).

Neste møte: torsdag 11.06.20, kl. 10.00

Sand/Aksdal, 25.05.20

Tormod Skeie
 Leiar

Odd Gunnar Høie
 Kontrollutvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.06.20	08/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 11.06.20

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tar referat- og orienteringssakene 18 – 24 til orientering.

Suldal kontrollutval godkjenner «Retningsliner for korleis kontrollutvalgsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt».

18. Samhandlinga mellom utvalet, ordfører og rådmann – til diskusjon i møtet
19. Snøscooterkjøring og løyver - orientering v/rådmannen
20. Framlegg til «Retningsliner for korleis kontrollutvalgsmedlemmer kan handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt»
21. Brev frå Suldal mållag om manglande oppfølging av Målbruksplanen for Suldal kommune, dagsett 24.04.20
22. Førebels svarbrev til Suldal mållag v/Havrevoll, dagsett 07.05.20
23. Statusoversyn pr. juni 2020
24. Medlemsinformasjon mai 2020 – frå FKT

Saksorientering:

Sakene blir lagde fram for kontrollutvalet til orientering.

Vedkommande pkt. 20

Utvalet har etterspurt retningsliner for korleis medlemmene skal handsama saker frå innbyggjarar som tar direkte kontakt. Sekretariatet laga eit arbeidsnotat som utvalet drøfta i møtet 25.05.20. Frå protokollen heiter det:

«Medlemmene drøfta framlegget til retningsliner. Utvalet var samd om å be sekretariatet komprimera framlegget til 4-5 setningar til neste møte.»

Sekretariatet har komprimert innhaldet og legg fram oppdaterte retningsliner. Medlemmene må vurdere om retningslinene no i er tråd med deira ønskje.

Vedkommande pkt. 21

Suldal kontrollutval har motteke brev frå Suldal mållag, dagsett 24.04.20. Brevet og førebels svarbrev, dagsett 07.05.20, ligg ved saka.

I møtet 06.06.19, sak 12/19 fekk utvalet ei orientering frå rådmannen om bruk og oppfølging av målbruksplanen. Bakgrunnen for orienteringa var ei oppmoding frå leiaren av Suldal mållag til leiaren av kontrollutvalet.

Frå protokollen etter møtet 06.06.19, sak 12/19 heiter det mellom anna:

Pkt. 19 - Orientering om bruk og oppfølging av målbruksplan

Rådmannen orienterte. Han delte ut målbruksplanen som blei vedteken av kommunestyret i 2014 og heftet «Språkrettleiar». Suldal er ein tydeleg nynorskkommune. Det blei arbeidd aktivt for å følgje opp målbruksplanen i praksis, mellom anna med nettbaserte kurs for tilsette.

Rådmannen svara på spørsmål undervegs. Utvalet var nøgd med orienteringa.

Medlemmene må vurderer om innhaldet i brevet høyrer inn under utvalet sitt mandat. Utvalet kan be rådmannen kome i neste møte for å orientera om utviklinga sidan 2019, noverande status og moglege planer for vidare arbeid.

Aksdal, 04.06.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær



Suldal kommune
v/rådmannen
Eidsvegen 7
4230 SAND

Dykkar ref.	Dykkar dato	Vår ref.	Dato
		20/194/33/ogh	28.05.20

OVERSENDELSE AV VEDTAK I KONTROLLUTVALGET

Suldal kontrollutvalg gjorde følgende vedtak i møtet 25.05.20, i sak Ymse:

Snøscooterkjøring og løyver

Ragnhild Sukka hadde fått melding og spørsmål frå fleire innbyggjarar om forholda rundt tildeling av snøscooterløyver og kjøring med snøscooter. Korleis er kriteriene og kven tildeler løyver? Kven utfører og når blir kjøring kontrollert? Utvalet vil be rådmannen orientere om dette tema i neste møte.

Neste møte i Suldal kontrollutvalg er torsdag 11.06.20. Sekretariatet vil be om å få eventuelt skriftlig materiale som skal følge saken i god tid før møtet, og senest 03.06.20.

Dersom det er spørsmål, ta gjerne kontakt direkte med utvalgssekretær på tlf. 959 86 977 eller e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Med helsing
Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalgssekretær

RETNINGSLINER FOR KORLEIS KONTROLLUTVALGSMEDLEMMER KAN HANDSAMA SAKER FRÅ INNBYGGARAR SOM TAR DIREKTE KONTAKT

Alle innspel må vurderast individuelt, men følgjande kan vere ein måte å gå fram på:

- Medlemmane bør oppmode innbyggaren til å sende sitt innspel, med fullt namn til sekretariatet. Alle saker som kontrollutvalet handsamar skal vere på eit overordna systemnivå, ikkje enkeltsaker eller klager.
- Medlemmet må i etterkant ta kontakt med leiar og/eller sekretariat for å drøfte vidare handsaming. Leiar/sekretariat vurderer om rådmannen skal informerast og om saka skal bli drøfta i utvalsmøte.
- I møtet må utvalet vurderer om saka høyrer inn under deira mandat. Utvalet kan enten avvise saka eller be rådmann om ei orientering i neste møte.
- Sekretariatet informerer rådmannen kort tid etter møtet om utvalets vedtak. Sekretariatet skriv brev til innbyggaren og informere om utvalet si handsaming.

Følgjande er henta frå «Veilder for sekretariat for kontrollutvalg» utarbeida av FKT i 2019:

7. Henvendelser til kontrollutvalget

De fleste kontrollutvalg får henvendelser fra innbyggere eller andre aktører som mener de har en sak for kontrollutvalget. I utgangspunktet er det slik at kontrollutvalget ikke har plikt til å behandle andre enn de saker som det får deg forelagt fra kommunestyret eller der det fremgår av lov og forskrift. Dette innebærer at kontrollutvalget må vurdere om en henvendelse hører inn under kontrollutvalgets oppgaver og om kontrollutvalget vil prioritere saken.

Når sekretariatet lager saksfremlegg på grunnlag av henvendelser, bør det framgå under «saksopplysninger» hva henvendelsen dreier seg om. Det kan også være behov for at sekretariatet innhenter flere opplysninger før henvendelsen legges fram for kontrollutvalget. Sekretariatet kan videre gi sin vurdering av om henvendelsen faller inn under utvalgets kompetanseområde eller ikke.

Sekretariatet bør ikke hente inn informasjon for selv å vurdere sannhetsinnholdet i henvendelsen. Eventuell informasjon som sekretariatet innhenter (for eksempel i en oppfølgingsamtale med den som har sendt henvendelsen) bør bare benyttes som grunnlag for å vurdere om, og hvordan henvendelsen bør følges opp. Noen henvendelser, for eksempel tips om misligheter, er det opplagt at kontrollutvalget bør gå vidare med. Andre er mer generelle og mangelfulle, og det kan være vanskelig å følge opp. Hvis kilden er ukjent eller ikke ønsker å gi utfyllende opplysninger, bør sekretariatet ta med i vurderingen om kontrollutvalget bør ta henvendelsen til orientering uten vidare oppfølging. Sekretariatet kan også diskutere med utvalget om kontrollutvalget bør gi KU-leder mandat til å gjøre slike vurderinger før henvendelsene legges fram.

Sekretariatet bør involveres både for å bidra med faglige råd, og for holde oversikt med hva som skal arkiveres.

Et forslag til vedtak fra sekretariatet om å undersøke saken videre bør inneholde en beskrivelse av det som skal undersøkes og hvem som bør foreta undersøkelsen. Fokuset bør være på systemkontroll.

Det er viktig å huske på at kontrollutvalget ikke er et klageorgan, og at det derfor ikke behandler klager på vedtak som har vært til administrativ behandling og det fortsatt finnes andre klagemuligheter som ikke er prøvd. I slike tilfeller er det naturlig å vise til rett klageinstans (klagenemnder, fylkesmannen, sivilombudsmannen etc.). Det er også viktig at kontrollutvalget ikke behandler saker som kan bære preg av politisk omkamp.

Grensen mellom hva som er en ordinær henvendelse og en varslings sak etter arbeidsmiljølovens bestemmelser, kan være vanskelig å dra. For å unngå at kontrollutvalget risikerer å møte seg selv i døren dersom det på et senere tidspunkt skal gjennomføres en forvaltningsrevisjon som omfatter kommunens varslingsrutiner, bør varslings saker etter arbeidsmiljøloven håndteres i tråd med kommunens egne varslingsrutiner. Kontrollutvalget bør påse at kommunen har slike rutiner og at KU ikke selv tillegges en rolle i kommunens rutiner for behandling av varslings saker.

Arbeidsmiljøloven kapittel 2 A inneholder et eget kapittel om varslings saker. Bestemmelsene gjelder arbeidstakers rett til å si fra om kritikkverdige forhold, vernet mot gjengjeldelse, arbeidsgivers rutiner (intern varslings sak) og taushetsplikt for offentlig myndighet, f.eks. kontrollutvalgs sekretariatet, som mottar varsel fra ansatt (ekstern varslings sak).

Dersom varselet kommer fra andre enn en arbeidstaker, dvs. det ikke foreligger et ansettelsesforhold, gjelder ikke arbeidsmiljøloven. Sekretariatet bør likevel behandle slik informasjon med varsomhet.

Kontrollutvalet i Suldal kommune
v/leiar Tormod Skeie

Gjeld: Manglande oppfølging av Målbruksplanen for Suldal kommune.

Suldal mållag er svært glad for at Suldal kommune har ein god målbruksplan. Han blei vedteken i kommunestyret 17.06. 2014, og han er konkret og tydeleg. Det er m.a. lista opp ei rekkje tiltak, og meininga er at alle desse skal bli gjennomførte. Men me ser og høyrer ei rekkje døme på at det blir dei ikkje. Det kjem mellom anna av at målbruksplanen ikkje eingong er kjend mellom tilsette i kommunen. Me høyrer om tilsette som ikkje veit at intern kommunikasjon skal vera på nynorsk. Sjå punkt 1 i planen. Me kan leggja fram mykje dokumentasjon på dette.

Kontrollutvalet skal følgja med på at kommunale vedtak blir følgde opp, og me er glade for at de inviterer alle innbyggjarar i kommunen til å koma med innspel, slik leiaren gjorde i lesarbrev i Suldalsposten i vinter. Me meiner at oppfølging av målbruksplanen ikkje treng å involvera Rogaland revisjon og føra til eit kostbart ettersyn. Det som trengst, er i fyrste omgang å syta for at planen blir gjort kjent i heile den kommunale organisasjonen. Så må ein m.a. laga rutinar for at han faktisk blir teken fysisk fram på personalmøte og andre møte i det daglege arbeidet. Kontrollutvalet kan be rådmannen om å leggja fram prov på at det faktisk blir gjort. Det må gå fram i kva samanheng han har vore framme, kven som var til stades, og der må vera med stad og dato.

Det er andre gong me vender oss til Kontrollutvalet om denne saka. Fyrste gong fekk utvalet etter det me kjenner til, ei orientering frå rådmannen som gjekk ut på at alt var i orden. Men me har ikkje registrert betring av noko slag. Me kan gjerne leggja fram dokumentasjon på brot på målbruksplanen på eit møte i kontrollutvalet. Me ynskjer ikkje å hengja ut einskildpersonar, og me legg derfor ikkje med slik dokumentasjon her.

Likevel, om ein går inn på kommunen sine heimesider, er det lett å sjå at dette tiltaket i målbruksplanen ikkje er følgt: «Kunngjeringar og skriv som skal ut til eit breitt publikum, bør lesast gjennom av andre som kan vurdere seiemåtar og rettskriving.» At der er bruk for opplæring, kursing i nynorsk, er også ganske openbert.

Me legg ikkje lenkjer til konkrete sider, for det er ikkje den einskilde tilsette me vil hengja ut. Me i Suldal mållag representerer over 120 innbyggjarar i Suldal kommune som ventar og krev at ein kommunalt vedteken plan blir følgt, ikkje med laust prat, men med konkret handling.

Me ynskjer dykk lukka til! Me set pris på tilbakemelding i denne saka.

Med helsing
Styret i Suldal mållag,
Wenche Haugen Havrevoll, leiar,
Dorthea Tveit, Tone Obrestad, Asbjørn Møgedal, Astrid Kvæstad

Gidl 3
4244 Nesflaten

mob. 40092745
e-post: wenche.havrevoll@gmail.com



Styret i Suldal mållag
v/leiar Wenche Haugen Havrevoll

E-post: wenche.havrevoll@gmail.com

Dykkar ref. Havrevoll	Dykkar dato 24.04.20	Vår ref. 19/135/33/ogh	Dato 07.05.20
--------------------------	-------------------------	---------------------------	------------------

VEDK. DYKKAR BREV OM MANGLANDE OPPFØLGING AV MÅLBRUKS- PLANEN FOR SULDAL KOMMUNE

Me syner til dykkar brev til kontrollutvalet i Suldal kommune v/leiar, dagsett 24.04.20.

Sekretariatet har mottatt og registret brevet 05.05.20. Det er vanleg praksis at utvalet får brev og liknande lagt fram i følgjande møte som referatsak.

Neste møte i Suldal kontrollutval er etter planen 11.06.20. Utvalet vil i møtet drøfte kva dei vil og kan gjere vidare med saka.

Det er berre kommunestyret som kan påleggje kontrollutvalet oppgåver. Når det gjeld førespurnader frå andre, må utvalet sjølv vurdere om utvalet vil handsame førespurnaden eller ikkje. Om kontrollutvalet skal handsame ei sak, vil vere avhengig av om saka ligg innanfor mandatet til kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sine oppgåver er omtala i «Forskrift om kontrollutvalg og revisjon». Utvalet sine primæroppgåver er å sjå til at kommunen har ein forsvarleg rekneskapsrevisjon, at det blir gjennomført forvaltningsrevisjon og selskapskontroll, samt andre oppgåver på eit overordna nivå knytt til systemkontroll.

Kontrollutvalet skal ikkje vera eit klageorgan for enkeltvedtak eller ein arena for overprøving av politiske prioriteringar som er gjort av kommunalt folkevalde organ. Utvalet har heller ikkje mynde til å fatte vedtak som bind forvaltninga.

Me vil gi deg beskjed om utfallet av saka når endeleg vedtak er klart. Sakskart og protokollar frå utvalet sine møter blir lagt ut på våre nettsider www.kontrollutvalgene.no

Med helsing
Kontrollutvalet i Suldal

Odd Gunnar Høie (sign.)
Utvalssekretær



Kontrollutvalet - statusoversyn juni 2020

Saker frå bestilling til handsaming i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Nytt prosjekt	11.06.20			Hausten 2020	
Risiko- og vesentleg-vurderingar	21.11.19	110 timar	Ferdig	25.05.20	
Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll	21.11.19			11.06.20	
Selskapskontroller					

Saker under politisk handsaming eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Planlagt oppfølging	Merknader
Eigarskapsforvaltning	08.11.18	06.06.19	05.09.19	17.09.20	150 timar
Klima og energiplan	14.02.19	05.09.19	24.09.19	11.06.20	180 timar

Avslutta prosjekt

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Handsama i KU	Handsama i KST	Følgd opp i KU/KST	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019	23.09.15	26.04.16	14.06.16		
Plan for selskapskontroll 2016-2019	23.09.15	15.09.16	18.10.16		
Plan- og byggesaker	19.06.14	11.02.15	17.03.15	28.01.16	
Legetenesta i Suldal kommune	11.02.15	23.09.15	03.11.15	15.09.16/ 13.12.16	
Pleie og omsorg	15.09.16	16.02.17	21.03.17	01.02.18/ 22.03.18	
Forenkling, forbetring og effektivisering	25.04.17	26.04.18	15.05.18	14.02.19/ 19.03.19	
Oppfølging av politiske vedtak	09.11.17	06.09.18	18.09.18	06.06.19/ 05.09.19	
Selskapskontroller					

Fra: Anne-Karin Femanger Pettersen (fkt@fkt.no)

Sendt: 04.05.2020 10:44:53

Til: Forum for Kontroll og Tilsyn

Kopi:

Emne: FKT - medlemsinformasjon mai 2020

Vedlegg: FKT_prot_200428.pdf

Til FKTs medlemmer

Covid-19 viruset og innvirkning på vårens kurs og konferanser

Covid-19 viruset har preget oss alle denne våren. For FKT er konsekvensen avlyste kurs, konferanser og andre arrangementer:

Noter dere allerede nå dato for arrangementene til neste år.

- Sekretariatskonferansen 24.-25. mars er avlyst. **Neste sekretariatskonferanse er 16.-17. mars 2021 på Lillestrøm**
- Kontrollutvalgslederskolen 21.-22. april er avlyst. **Vi vurderer utsettelse av kontrollutvalgslederskolen til høsten.** Vi vil holde dere oppdatert.
- Fagkonferansen 3.- 4. juni er avlyst. **Neste fagkonferanse er 1.-2. juni 2021 i Ålesund**
- Arrangement under Arendalsuka 11. august er avlyst

Faglig påfyll

Artikler og rapporter:

Vi ønsker å holde våre medlemmer faglig oppdatert til tross for avlyste arrangement. Når vi ikke kan møtes for å dele erfaringer og kunnskap, er det ikke så dumt å skrive.

- [Her kan dere lese en evaluering av valget av kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg](#)
- [Her kan du lese om hvorfor kontroll og tilsyn er blitt så viktig i offentlig styring](#)

Nylige hørings svar fra FKT:

FKT har avgitt hørings svar til NKRF på forslag til revidert standard for forvaltnings revisjon (RSK 001) og ny standard for eierskaps kontroll (RSK 002)

- [Du kan lese vårt hørings svar her](#)

Nylige svar fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet på henvendelser fra medlemmer:

- [NAV-ansatte i kontrollutvalget – valgbarhet og habilitet](#)

Årsmøtet 2020

Det vil avholdes **digitalt årsmøte 3. juni kl. 16.30**. Kontrollutvalgs lederne og lederne for sekretariatene vil motta innkalling på e-post senest 14. dag før. De vil også motta informasjon om praktiske forhold ved selve møtet.

- [Du kan lese mer om årsmøtet her](#)

Styret

Styret har bestemt at møtene skal avholdes digitalt ut året som et sparetiltak for å dekke tapte inntekter fra kurs og konferanser.

Protokollen fra styremøte 28. april er lagt ut på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Du finner den også vedlagt denne e-posten.

På årsmøtet 3. juni vil nytt styre bli valgt. Fire av seks faste medlemmer i dagens styre er på valg.

Nye medlemmer

Fra årsskiftet og fram til nå har vi rekruttert 22 nye medlemmer. Velkommen tilbake til de nye kommunene som har meldt seg inn igjen etter kommunereformen. Spesielt velkommen ønsker vi helt nye medlemmer. Vi satser på å fortsette rekrutteringen utover året.

Bruk hjemmesiden vår! [www.fkt.no](#) Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#) De av dere som ønsker [tilgang til medlemssidene](#) kan sende en e-post til [fkt@fkt.no](#) for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer. Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

Vh Anne-Karin Femanger Pettersen

Generalsekretær



Postboks 41 Sentrum, 0101 Oslo | E-post: fkt@fkt.no | Tlf.: 41471166

| www.fkt.no | www.twitter.com/@FKT_no www.facebook.com/FKT.no/

FKT - En møteplass for kommunale og fylkeskommunale kontrollutvalg og deres sekretariat

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	11.06.20	09/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ORIENTERING FRÅ ADMINISTRASJONEN – V/RÅDMANNEN

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval tek gjennomgangen frå rådmannen om sitt arbeid og ansvarsområde til orientering.

Saksorientering

Utvalet vedtok i møtet 25.05.20, sak 05/20 følgjande:

Suldal kontrollutval vedtek følgjande plan for orientering om resultatområda og stabsfunksjonane:

*Møtet 11.06.20 administrasjonen v/rådmann Valen
Møtet 17.09.20 utvikling, plan og teknisk v/kommunalsjef Guggedal
Møtet 12.11.20 helse og omsorg v/kommunalsjef Angelvik*

*1. møte 2021 oppvekst v/kommunalsjef Rullestad Gjerde
2. møte 2021 lønn- og personal v/Tobiassen
3. møte 2021 kommunekassen v/Gundersen
4. møte 2021 servicetorget v/Vaage
5. møte 2021*

Tidsramma vert sett til 30 - 40 min. inkludert spørsmål. Sekretariatet får fullmakt til å invitere i ei anna rekkefølge enn slik lista over kommunale leiare er sett opp, dersom den inviterte ikkje har høve til å stille i det aktuelle møtet.

Orienteringene er tenkt å gjere kontrollutvalet betre kjent med kommunen si drift og dei utfordringane kommunen har. Planen/invitasjonen blei oversendt rådmannen 28.05.20

Tidsrama er sett til 30-40 minutt inkludert spørsmål. Dersom nokon av utvalsmedlemmene har innspel eller særskilte ønskjer om emne eller spørsmål, må dei varsle sekretariatet om det før møtet.

Aksdal, 04.06.20

Odd Gunnar Høie
Rådgjevar/utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	05.09.19	10/20
Kommunestyret		

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

OPPFØLGING AV FORVALTNINGSREVISJONSRAPPORT – «KLIMA OG ENERGIPLAN»

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre tar rådmannen si tilbakemelding om oppfølging av rapporten om «Klima og energiplan» til orientering.

Vedlegg: tilbakemelding frå rådmannen, dagsett 04.06.20

Bakgrunn

Kommunestyret vedtok i møtet 24.09.19, sak 56/19 følgjande:

1. *Suldal kommunestyre har merka seg det som kjem fram i Rogaland Revisjon IKS sin rapport «Klima og energiplan» og tek denne til orientering.*
2. *Rapporten vert oversendt til rådmannen for vidare oppfølging av følgjande seks tilrådingar:*
 - a) *Revidere klima- og energiplanen kvart fjerde år.*
 - b) *Vurdere å utarbeide meir ambisiøse mål for utsleppsreduksjon i tråd med målsettinga til Noreg.*
 - c) *Ha hovudfokus på tiltak for å redusere dei største utsleppskjelda; vegtrafikk, jordbruk og sjøfart.*
 - d) *Vurdere om klima- og energiplanen bør inngå som ein integrert del av kommuneplanen.*
 - e) *Utarbeide ein handlingsplan som ikkje er for omfattande, og auka fokuset på å følge opp tiltaka i klima- og energiplanen.*
 - f) *Rapportere jamleg på mål for klimagassutslepp og energi.*
3. *Rådmannen gir tilbakemelding til kommunestyret via kontrollutvalet om oppfølging av rapporten innan 9 månader etter at kommunestyret har gjort sitt vedtak.*

Revisjonen sine seks tilrådingar er lista opp i kommunestyrevedtaket pkt 2 a – f.

Oppfølging/tilbemelding

Vedlagt saka er rådmannen si tilbakemelding som sekretariatet mottok 04.06.20.

Rådmannen har kommentert korleis kvar av dei seks tilrådingane har blitt følgt opp og skriv følgjande:

Her følgjer svar på dei seks spørsmåla i forvaltningsrevisjon av Klima- og energiplan. I tillegg har eg lagt med eit litt meir utfyllande svar nedanfor.

1. *Revidere klima- og energiplanen kvart fjerde år.
Svar: Det vil bli gjort i forbindelse med revidering av kommuneplanen, ref punkt 4*
2. *Vurdere å utarbeide meir ambisiøse mål for utsleppsreduksjon i tråd med målsettinga til Noreg.
Svar: Me har laga nye mål i økonomi- og handlingsprogrammet*
3. *Ha hovudfokus på tiltak for å redusere dei største utsleppskjelda; vegtrafikk, jordbruk og sjøfart.
Svar: me har valt å ha hovudfokus på reduksjon av utslepp i frå vegtrafikk, då det har størst effekt.*
4. *Vurdere om klima- og energiplanen bør inngå som ein intergrert del av kommuneplanen.
Svar: Ja, me ønsker å integrere klima- og energiplanen i kommuneplanen. Det arbeidet har me starta med.*
5. *Utarbeide ein handlingsplan som ikkje er for omfattande, og auka fokuset på å følge opp tiltaka i klima- og energiplanen.
Svar: me har lagt inn klimatiltak i økonomi- og handlingsprogrammet.*
6. *Rapportere jamleg på mål for klimagassutslepp og energi.
Svar: klimatiltaka i økonomi- og handlingsprogrammet blir fulgt opp 2. tertial og i årsmeldinga.*

Tilbakemelding klima- og energiplan

Me har fokus på klima- og energi i økonomi- og handlingsprogrammet, som er det øvste politiske «arbeidsverktøyet» i kommunen

Dei største utsleppskjelda i Suldal kommune er vegtrafikk (59%), jordbruk (23%) og sjøfart (14%). Det tiltaket som gir størst effekt er å elektrisifisere transportsektoren. Det er me i gong med. Det er vanskeleg å gjere lokale tiltak som monnar innan jordbruk og sjøfart, så på desse områda gir det størst effekt er å støtte opp under nasjonale og regionale tiltak/mål, sjølv om me også kan gjere nokon lokale tiltak sjølve. Sjå kapittel «Klima- og miljø» i økonomi- og handlingsprogrammet for meir informasjon.

Mål i økonomi- og handlingsprogrammet:

Sjå vedlegg

NB! Me fekk Suldal bad i 2019 som gir høgare energibruk. Det gjer det ambisiøst å få energibruken ned.

Tiltak i handlingsprogrammet (sjå kap 2.4.)

- *Me har satt av midlar til nye sykkelskur, el-syklar og ladeboksar for el-bil (me har inn ein søknad hjå Miljødirektoratet for el-sykel og ladeboksar; viss me får støtte så kan me satse større)*
- *Me har lagt opp til at heimetenesta og kommunehuset skal over til fleire el-bilar til neste år neste år (ved overgang til ny leasingavtale)*
- *På lengre sikt vil me kjøpe inn el-varebiler. Det kan vere realistiske md ein overgang til el-varebiler i 2025 (då vonar med at det har kome utval av el-varebil med 4hjulstrekk).*
- *Me har auka satsinga på fornybar energi. I skrivande stund er det vedtatt å legge solceller på taket til barnehagene på Sand. Teknisk drift held også på med å vurdere solcelle på sitt eige tak på garaneset.*
- *Me har satt i gong arbeidet med å få einingar godkjent som Miljøfyrtårn. Først ut vil bli Suldal bad.*
- *Klima vil bli eige punkt i landsbruksstøtta.*

Det er vanskeleg å gjere tiltak som monnar innan jordbruk og sjøfart utanom å legge ting ned.

- *Det største utsleppet innan landbruk i Suldal kjem i frå utslepp av metan i frå fordøyelse. I følgje metodenotatet til Miljødirektoratet så vil det berre vere reduksjon i tal dyr som vil redusere utsleppa. Me kan likevel gjere mindre tiltak ved fokus på klima i landbruksstøtta i forhold til gjødsel, bruk av myr etc.*
- *Det største utsleppet i frå sjøfart er i frå bulkskip (Norsk Stein). Her vil tal båtar avgjere.*
- *Det nest største utsleppet i frå sjøfart er i frå passasjertrafikk. P.t. er hurtigbåten ein stor utsleppskjelde. Me støttar opp under fylkeskommunen sitt ønske om el-hurtigbåtar.*

Me rapportere i 2. tertial og i årsmeldinga på tiltak som står i handlingsprogrammet.

Klima- og energiplan vil bli ein del av den nye kommuneplanen.

Sekretariatet sine kommentarar:

I følgje kontrollutvalsforskrifta med merknader, ligg det til kontrollutvalet å sjå til at rådmannen følgjer opp rapportar. Dette skal sikre at kontroll og tilsyn får effekt og bidrar til forbetringar. Utvalet skal gje rapport til kommunestyret korleis merknadenen er følgt opp.

Det ligg ikkje til kontrollutvalet å fastsette korleis administrasjonen skal følgje opp påviste avvik/manglar i det konkrete tilfellet, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan og rapportere om tidlegare saker til kommunestyret dersom kontrollutvalet meiner saker ikkje er følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Dette synes ikkje være aktuelt i denne saka. Tilbakemeldinga frå rådmannen viser at tilrådingane er følgt opp, forbetringstiltak er sett i verk og det er lagt planar for vidare oppfølging.

Aksdal, 04.06.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Emne **SV: Tilbakemelding forvaltningsrapportar.**
 Avsender Ronny Mehus Rugland
 <Ronny.Rugland@suldal.kommune.no>
 Mottaker <ogh@kontrollutvalgene.no>
 Kopi til Øyvind Valen <Oyvind.Valen@suldal.kommune.no>
 Dato 04.06.2020 10:04



Her følgjer svar på dei seks spørsmåla i forvaltningsrevisjon av Klima- og energiplan. I tillegg har eg lagt med eit litt meir utfyllande svar nedanfor.

1. Revidere klima- og energiplanen kvart fjerde år. **Svar: Det vil bli gjort i forbindelse med revidering av kommuneplanen, ref punkt 4**
2. Vurdere å utarbeide meir ambisiøse mål for utsleppsreduksjon i tråd med målsettinga til Noreg. **Svar: Me har laga nye mål i økonomi- og handlingsprogrammet**
3. Ha hovudfokus på tiltak for å redusere dei største utsleppskjelda; vegtrafikk, jordbruk og sjøfart. **Svar: me har valt å ha hovudfokus på reduksjon av utslepp i frå vegtrafikk, då det har størst effekt.**
4. Vurdere om klima- og energiplanen bør inngå som ein intergrert del av kommuneplanen. **Svar: Ja, me ønsker å integrere klima- og energiplanen i kommuneplanen. Det arbeidet har me starta med.**
5. Utarbeide ein handlingsplan som ikkje er for omfattande, og auka fokuset på å følge opp tiltaka i klima- og energiplanen. **Svar: me har lagt inn klimatiltak i økonomi- og handlingsprogrammet.**
6. Rapportere jamleg på mål for klimagassutslepp og energi. **Svar: klimatiltaka i økonomi- og handlingsprogrammet blir fulgt opp 2. tertial og i årsmeldinga.**

Tilbakemelding klima- og energiplan

Me har fokus på klima- og energi i økonomi- og handlingsprogrammet, som er det øvste politiske «arbeidsverktøyet» i kommunen

Dei største utsleppskjelda i Suldal kommune er vegtrafikk (59%,) jordbruk (23%) og sjøfart (14%). Det tiltaket som gir størst effekt er å elektrisifisere transportsektoren. Det er me i gong med. Det er vanskeleg å gjere lokale tiltak som monnar innan jordbruk og sjøfart, så på desse områda gir det størst effekt er å støtte opp under nasjonale og regionale tiltak/mål, sjølv om me også kan gjere nokon lokale tiltak sjølve. Sjå kapittel «Klima- og miljø» i økonomi- og handlingsprogrammet for meir informasjon.

Mål i økonomi- og handlingsprogrammet:

Klima og miljø	2018	2016	2017	2018	2023
Energibruk per brukar av kommunale bygg (m ³)	x	547	566	523	500
Utslipp av klimagass per innbygger i CO ₂ -ekvivalenter (ned med 10% innan 2023, 30% innan 2030)	9500	22 942	22 264	20 567	18510
Andel el-bilar av kommunale bilar inkludert varebilar				6%	30%

NB! Me fekk Suldal bad i 2019 som gir høgare energibruk. Det gjer det ambisiøst å få energibruken ned.

Tiltak i handlingsprogrammet (sjå kap 2.4.)

- Me har satt av midlar til nye sykkelskur, el-syklar og ladeboksar for el-bil (me har inn ein søknad hjå Miljødirektoratet for el-sykel og ladeboksar; viss me får støtte så kan me satse større)
- Me har lagt opp til at heimetenesta og kommunehuset skal over til fleire el-bilar til neste år neste år (ved overgang til ny leasingavtale)
- På lengre sikt vil me kjøpe inn el-varebiler. Det kan vere realistiske md ein overgang til el-varebiler i 2025 (då vonar med at det har kome utval av el-varebil med 4hjulstrekk).

- Me har auka satsinga på fornybar energi. I skrivande stund er det vedtatt å legge solceller på taket til barnehagene på Sand. Teknisk drift held også på med å vurdere solcelle på sitt eige tak på garaneset.
- Me har satt i gong arbeidet med å få einingar godkjent som Miljøfyrtårn. Først ut vil bli Suldal bad.
- Klima vil bli eige punkt i landsbruksstøtta.

Det er vanskeleg å gjere tiltak som monnar innan jordbruk og sjøfart utanom å legge ting ned.

- Det største utsleppet innan landbruk i Suldal kjem i frå utslepp av metan i frå fordøyelse. I følge metodnotatet til Miljødirektoratet så vil det berre vere reduksjon i tal dyr som vil redusere utsleppa. Me kan likevel gjere mindre tiltak ved fokus på klima i landbruksstøtta i forhold til gjødsel, bruk av myr etc.
- Det største utsleppet i frå sjøfart er i frå bulkskip (Norsk Stein). Her vil tal båtar avgjere.
- Det nest største utsleppet i frå sjøfart er i frå passasjertrafikk. P.t. er hurtigbåten ein stor utsleppskjelde. Me støttar opp under fylkeskommunen sitt ønske om el-hurtigbåtar.

Me rapportere i 2. tertial og i årsmeldinga på tiltak som står i handlingsprogrammet.

Klima- og energiplan vil bli ein del av den nye kommuneplanen.

Med helsing
Ronny Mehus Rugland
Økonomirådgjevar
Suldal kommune

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr.
Kontrollutvalet	25.05.20	03/20
Kontrollutvalet	11.06.20	11/20

Saksansvarlig:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG EIGARSKAPS- KONTROLL 2021-2024 – SULDAL KOMMUNE

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak

Suldal kontrollutval vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2021 – 2024 slik den ligg føre/med desse endringane.....

og innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll for perioden 2021 – 2024 slik den ligg føre.

Suldal kommunestyre gjer kontrollutvalet delegert mynde til å endre planen i planperioden i samsvar med kommunelova § 23-3 og § 23-4.

- Vedlegg:** 1. Plan for forvaltningsrevisjon 2021-2024, juni 2020 – frå Rogaland Revisjon IKS
2. Risiko- og vesentlegvurderingar for Suldal kommune - eige hefte

Bakgrunn

Forvaltningsrevisjon vil seie å gjennomføre systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader av kommunestyret sine vedtak.

Etter kommunelova 23-3 skal kontrollutvalet utarbeide ein plan som viser kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar dei neste fire år. Planen skal vere basert på ein risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemd. Dette for å finne ut kor det er størst trong for forvaltningsrevisjon. Planen skal vere lagd seinast innan utgongen av året etter kommunestyret har konstituert seg.

Eigarskapskontroll er å kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjer dette i samsvar med lover, forskrift, kommunestyret sine vedtak og kjente prinsipp for eigarstyring.

Det går fram av kommunelova § 23-4 at det skal utarbeidast ein eigen plan for gjennomføring av eigarskapskontroll. Planen skal basere seg på ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sitt eigarskap.

Planen er det kommunestyret sjølv som skal vedta. Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planperioden.

Saksorientering

I møtet 21.11.19, sak 25/19 blei Rogaland Revisjon IKS engasjert av utvalet til å utarbeide analyse og utkast til plan.

ROV analysane var klare frå revisor for å bli presentert i møtet den 19.03.20. Dette møtet vart avlyst, og situasjonen for kommunen og samfunnet rundt har endra seg mykje på kort tid.

Forvaltningsrevisor presenterte analysen og framlegg til plan i møtet 25.05.20, sak 3/20. Revisor gjekk då igjennom analysen med vekt på dei prosjekt som dei har funne som aktuelle for forvaltningsrevisjon i perioden, basert mellom anna på innspel frå politikarar og administrasjonen. I møtet laga utvalet ei liste med prioriterte prosjekt.

Risiko- og vesentlegvurderingane er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Dette analysedokumentet er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon.

Innspel frå andre

Utvalet ønskte å få innspel frå ordførar, gruppeleiarar og rådmann ved å invitera dei til eit møte. På grunn av korona-pandemien og den særskilte situasjonen no i vår har dette ikkje lat seg gjennomføre.

Utvallsleiar ønskte at alle partia skulle få høve til å komme med innspel skriftleg. Sekretariatet sendte følgjande e-post til partileiarane den 27.03.20:

I følgje kommunelova har kontrollutvalet ansvar for å utarbeide ein 4-års plan som syner kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar (ROV-analyse), med sikte på å finne ut kor det er størst trong for forvaltningsrevisjon i kommunen eller for eigarskapskontroll.

Rogaland Revisjon har utarbeida ROV-analysar og kome med framlegg til nye forvaltningsrevisjonar, som følgjer vedlagt.

Kontrollutvalet hadde planlagd å skipa til eit møte mellom representantar for partigruppene, Rogaland Revisjon, rådmann og utvalet, der ein drøfta ROV -analysen og fekk framlegg til eventuelle nye revisjonsområder. Dette er no umogeleg . Kontrollutvalet ber difor om innspel frå dei ulike partia til risikoområder der ein meiner det kan vere aktuelt med ein forvaltningsrevisjon. Innspel kan sendast til sekretariatet innan 17.04.20. Utvalet vonar at møtet den 30.04.20 kan gjennomførast og at framlegget til plan kan handsamast då.

Kontrollutvalet si innstilling vil bli sendt til kommunestyret når den er klar.

Det var berre Senterpartiet som sendte inn innspel. Revisjonen har nytta innspelet i det vidare arbeidet med ROV-vurderingane.

ROV-vurderingane er eit verktøy – som saman med kontrollutvalet sine egne vurderingar skal leggjast til grunn for prioritering av aktuelle prosjekter i planen. Det er utvalet som prioriterer og vurderer dei ulike risikoområda og avgjør kva område som skal bli gjenstand for forvaltningsrevisjon. Det er kanskje ikkje realistisk at planen inneheld meir enn 8 - 10 prosjekt, da årleg budsjettmidlar tilseier at det ikkje blir gjennomført meir enn to til tri prosjekt pr. år. Risiko- og vesentlegvurderingane er vedlagt saksdokumenta som vedlegg 2.

Plan for perioden 2016-2019

I plan for forvaltningsrevisjon 2016-2019 var følgjande prosjekt prioritert (årstal for gjennomføring i parentes):

1. Pleie og omsorg (våren 2017)
2. Innsparing, effektivisering og forenkling (våren 2018)
3. Oppfølging av politiske vedtak (hausten 2018)
4. Klima og miljøplan (våren 2019)
5. Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning
6. Sosiale tenester/NAV

og følgjande uprioriterte område:

- Barnevern
- Legevakt
- Busetting og integrering av flyktningar
- IKT

I plan for selskapskontroll 2016-2019 var følgjande prosjekt prioritert:

1. Eigarskapsforvaltning (våren 2019)
2. Rygjatun Eigedom AS
3. Krisesenter Vest IKS
4. Kommunekraft AS

Ny plan for perioden 2021-2024

Utvalet gjorde følgjande prioriteringar i møtet 25.05.20, sak 03/20:

- Styring og kontroll med investeringsprosjekt (2020)
- Korona - handteringa av koronautbrotet (2021)
- Førebygging og tidlig innsats (2021)
- Miljøtenesta (2022)
- Forbetring og effektivisering (2022)
- Legetenesta og legevakta (2023)
- Kritisk kompetanse (2023)

Følgjande prosjekt er uprioriterte:

- Integrering av flyktningar
- Spesialundervisning
- Barneverntenesta

Prioritert eigarskapskontroll:

- IVAR IKS

Revisor har vært i kontakt med rådmannen i etterkant av møtet 25.05.20 for å undersøke om prosjektet «Styring og kontroll med investeringsprosjekter» er eit aktuelt prosjekt å starte opp i 2020. Det økonomiske oppgjeret etter bygginga av Suldal bad er ikkje avslutta. Etter rådmannen sitt syn vil det være særskild uheldig med eit prosjekt på dette området no. Han meiner utvalet bør vente til det ligg føre ei avklaring. Dette tema bør difor bli flytta til seinare i perioden.

Vidare saksgang

Når kontrollutvalet ser seg ferdig med prioriteringane i planen, vil den vere klar for oversending til kommunestyret for slutthandsaming. Siste frist for å utarbeide plan er ifølgje lova seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert. Slik det ligg an i prosessen no, vil planen bli lagt fram for kommunestyret i september.

Når eit prosjekt skal setjast i gong, må det planleggjast meir i detalj før revisor startar opp. Kontrollutvalet må då, saman med revisor, foreta ei undersøking om dei aktuelle tema i prosjektet, og vurdere kva som er mest relevant og vesentleg å undersøke. Omfanget av prosjektet vil også vere avhengig av kor mange tema som vil vere viktige for kontrollutvalet å få svar på i ein rapport. Endeleg utforming av problemstillingar og timeomfang vil bli gjort i samband med den einskilde tinginga av prosjektet.

Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å prioritere dei mest aktuelle prosjekta innafør vedtatt plan, samt at dei kan å ta inn nye prosjekt i planen dersom det oppstår trong for det. Slik mynde har då også blitt gjeven tidlegare år, og ein finn heimel til det i kommunelova § 23-3 siste setning.

Aksdal, 04.06.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Plan for forvaltningsrevisjon 2021 - 2024

Suldal kommune

Heimelsgrunnlag

- Kommuneloven § 23-3. Forvaltningsrevisjon
- *«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.*
- *Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*
- *Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen»*

Heimelsgrunnlag II

- Kommuneloven § 23-4. Eigarskapskontroll
- *«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*
- *Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.*
- *Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen»*

Prosess

- Denne 4-årige planen for forvaltningsrevisjon er basert på ein risiko- og vesentlighetsvurdering ([Sjå møteinnkalling til KU-møte den 25.05, frå side 28](#))
- Kontrollutvalet la til rette for at innbyggjarane, ordførar, gruppeleiarar og rådmann skulle få høve til å komma med innspel til planen
- Det er berre Senterpartiet som har kome med innspel. Desse vart drøfta saman med risiko- og vesentlighetsvurderinga, på kontrollutvalsmøte den 25.05.2020

Kontrollutvalet sine prioriteringar

Tema	Tenesteområde/fag- område	Prioritering
Styring og kontroll med investeringsprosjekt	Utvikling, plan og teknisk	Hausten 2020 – hvis mogleg
Korona – handteringa av koronautbrotet	Helse, beredskap m.fl	Våren 2021
Forebygging og tidlig innsats	Fleire sektorar kan vera aktuelle	2021
Miljøtenesta	Helse og omsorg	2022
Forbetring og effektivisering	Fleire sektorar kan vera aktuelle	2022
Legetenesta og legevakta	Helse og omsorg	2023
Kritisk kompetanse	Fleire sektorar kan vera aktuelle	2023
Integrering av flyktningar	Oppvekst	Uprioritert
Spesialundervisning	Oppvekst	Uprioritert
Barneverntenesta – brukarmedvirkning og samhandling	Helse og omsorg	Uprioritert

Forvaltningsrevisjon og eierskapskontroll av selskaper

Selskap	Kontroll sist	Forslag til år for kontroll
IVAR IKS	2017	2020

- Dette vil òg omfatte heleide datterselskap. Andre datterselskap og tilknyttta selskap vil bli omtalt, men i utgangspunktet ikkje spesielt kontrollert.
- Dei foreslåtte selskapa har mange eigarar og vi foreslår dei same selskapa overfor dei andre eigarane. For meir om vurderingsgrunnlaget for desse forslaga, sjå vedlagte risikovurdering for eierskapskontroll og forvaltningsrevisjon i selskaper
- Det kan òg gjennomførast forvaltningsrevisjon og/eller eigarskapskontroll av annet vesentleg selskap. Med annet vesentleg selskap tenkjar vi fyrst og fremst på Haugaland Kraft AS og Haugaland brann og redning IKS. Suldal bør i så tilfelle samordna seg med andre eigarar på Haugalandet.



Myndigheit og fullmakt

- ▶ I løpet av ein fireårsperiode kan det skje ting i kommunen som kan gjera det nødvendig å avvika frå planen
- ▶ Kontrollutvalget ber om delegert fullmakt til å vedta forvaltningsrevisjon på andre område enn dei som er foreslått/vedtatt, dersom utvalet meiner dette vil ha høgare nytteverdi.
- ▶ Kommunestyret har òg myndigheit til å pålegga kontrollutvalet å gjennomføra konkrete bestillinger i løpet av planperioden, dersom det er ønskeleg

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.06.20	12/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

VAL AV NYTT FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak:

Suldal kontrollutval ber Rogaland Revisjon IKS om å leggje fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll av i neste møte.

eller

Suldal kontrollutval tingar ein forvaltningsrevisjonsrapport om «Korona – handteringa av koronautbrotet» i samsvar med vedlagt prosjektplan (med lokal tilpassing)/med endringar som kjem fram i møtet.

Oppdraget tingast frå Rogaland Revisjon IKS innanfor ei ramme på 260 timar.
Utvalsleiar får mynde til å godkjenne endeleg prosjektmandat.

Vedlegg: «Korona – handtering av koronautbrotet» - prosjektmandat utarbeida til Strand kommune av Rogaland Revisjon IKS

Bakgrunn:

Ifølge kommunelova § 23-2 skal kontrollutvalet sjå til at det vert utført forvaltningsrevisjon av kommunen si verksemd. Kontrollutvalet bør i dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer å bestille, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast i neste møte.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon eller selskapskontroll skal tingast med bakgrunn i vedtekne planar.

Plan for forvaltningsrevisjon og plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2019 blei vedteken av kommunestyret i juni 2016, og følgjande prosjekt har blitt gjennomført i perioden:

Pleie og omsorg (våren 2017)

Forenkling, forbetring og effektivisering (våren 2018)

Oppfølging av politiske vedtak (hausten 2018)

Klima og miljøplan (hausten 2019)

Eigarskapsforvaltning (våren 2019)

Følgjande prosjekt har ikkje blitt gjennomført i perioden 2016-2019:

Skule- tilpassa opplæring og spesialundervisning
Sosiale tenester/NAV

Uprioriterte prosjekt:

Barnevern

Legevakt

Busetting og integrering av flyktingar

IKT

Plan for perioden 2021 - 2024

Ny plan for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll 2021 – 2024 er under utarbeiding.

Utvalet vil venteleg gjere vedtak og innstille til kommunestyret om framlegget til ny plan i møtet 11.06.20, sak 11/20.

I møtet 25.05.20, sak 03/20 prioriterte utvalet følgjande forvaltningsrevisjonsprosjekter for perioden 2021 – 2024:

1. Styring og kontroll med investeringsprosjekt – med Suldal bad som case.
2. Korona – handteringa av koronautbrotet (2021)
3. Førebygging og tidlig innsats (2021)
4. Miljøtenesta (2022)
5. Forbetring og effektivisering (2022)
6. Legetenesta og legevakta (2023)
7. Kritisk kompetanse (2023)

Revisor har vært i kontakt med rådmannen i etterkant av møtet 25.05.20 for å undersøkje om prosjektet «Styring og kontroll med investeringsprosjekter» er eit aktuelt prosjekt å starte opp no. Det økonomiske oppgjeret etter bygginga av Suldal bad er ikkje avslutta. Etter rådmannen sitt syn vil det være særskild uheldig med eit prosjekt på dette området før det ligg føre ei avklaring. Dette prosjektet bør difor bli skyve noko ut i tid og utvalet bør sjå på dette tema seinare i perioden – etter avklaringa.

Revisor har sendt over eit prosjektmandat som er utarbeida til Strand kommunen om «Korona – handtering av koronautbrotet». Dette prosjektet er prioritert som nummer to. Suldal vil kunne dra nytte av at det er fleire kommunar som har valt dette tema og startar opp liknande prosjekt no. Utvalet må drøfte om dei ønsker å tinga eit prosjekt utifrå prosjektplanen som er framlagt, med lokale tilpassingar, eller velje eit anna tema.

Det vil uansett vere opp til utvalet å velja kva for prosjekt ein ynskjer å setja i bestilling no.

Aksdal, 04.06.20

Odd Gunnar Høie

Seniorrådgjevar/utvalssekretær

PROSJEKTMANDAT

Krisehåndtering og lærdommer i forbindelse med korona-utbruddet – nytt mandat

Strand kommune, 2020

BAKGRUNN

I KU-møte den 16.04 ba Strand kontrollutvalg Rogaland Revisjon om å utarbeide et forslag til mandat hvor den Strand bestilte forvaltningsrevisjonen Beredskap og forslaget til forvaltningsrevisjonsprosjektet «Kommunens håndtering av korona-epidemien» kan integreres til en forvaltningsrevisjon.

Formålet med det opprinnelige prosjektforslaget var å se nærmere på status for det overordnede beredskapsarbeidet i kommunen og vurdere beredskapen på virksomhetsnivå.

Pandemien blir beskrevet som den største utfordringen siden andre verdenskrig. Koronasituasjonen har fått dramatiske konsekvenser for den enkelte, for næringslivet, for samfunnet og for offentlig sektor. Den setter det kommunale beredskapsapparatet på en alvorlig prøve, og den påvirker det kommunale tjenestetilbudet, organiseringen av arbeidet, og kommunens økonomi.

Den ferske praktiske erfaringen med koronahåndteringen er etter vår vurdering et veldig godt utgangspunkt for å vurdere det kommunale beredskapsplanverket - mye bedre enn øvelser.

Vi har lagt til en problemstilling i dette nye mandatforslaget: *Hvor godt forberedt var kommunen til å håndtere koronapandemien (den overordnede beredskapen, dvs. planverk, øvelser etc.)?*

Virksomhetsnivået ivaretas i problemstilling 2, 3 og 4. I dette nye mandatet vektlegger vi disse problemstillingene sterkere, i tråd med kontrollutvalgets ønske. Dette gjelder spesielt problemstilling 4. Dette vil kreve en del ekstra ressurser, men for å gjøre ressursøkningen moderat kan vi samtidig nedtone samarbeidsproblemstillingen noe.

En forvaltningsrevisjon av kommunens håndtering av pandemien er etter vår vurdering høyaktuell nå, mens erfaringene ennå er ferske, men der organisasjonen samtidig begynner å komme over i en mer ordinær driftsfase.

Vi vil velge en metode som best mulig balanserer hensynet til datafangst på den ene siden, og hensynet til at kommuneansatte ikke blir forstyrres unødig i en krevende situasjon.

Det har vært en del interesse omkring dette temaet i flere kommuner. Stavanger og Sandnes har nylig bestilt hver sin forvaltningsrevisjon av kommunenes håndtering av koronapandemien. Kontrollutvalget i Sola kommune er også positive til et slikt prosjekt, og har nylig bedt oss om å utarbeide et prosjektmandat. Kontrollutvalget i Gjesdal har inne en bestilling på et mer tradisjonelt beredskapsprosjekt, og skal - som kontrollutvalget i Strand - ta stilling til om de heller ønsker å rette oppmerksomheten mot kommunens håndtering av koronautbruddet.

En undersøkelse i flere kommuner gir gode muligheter for sammenligninger, noe som vil kunne gi prosjektene stor læringsverdi og sikre erfaringsoverføring mellom kommunene.

Det er vanskelig å si noe sikkert om hvilken tidshorisont en slik evaluering bør ha, men det er rimelig å anta at kommunen vil ha en eller annen form for beredskap ut hele 2020. Vårt forslag er at prosjektet gjennomføres og avsluttes i 2020/våren 2021. Behov for eventuell forlengelse, eller justeringer i forhold til problemstillinger og framdrift, tas opp med kontrollutvalget.

OPPDRAGET

<p><u>Bestilling:</u> Kontrollutvalget i Strand kommune bestiller en forvaltningsrevisjon av «Kommunens håndtering av korona-epidemien». Dette erstatter det tidligere bestilte beredskapsprosjektet</p>	<p><u>Problemstillinger:</u></p> <ul style="list-style-type: none"> • Hvor godt forberedt var kommunen til å håndtere koronapandemien (planverk, øvelser etc.)? • Hvordan har kommunens ledelse organisert og håndtert beredskapsarbeidet i ulike faser av korona-utbruddet? Hva har vært vellykket? Hva har vært utfordrende? • Hvilke tiltak er innført innenfor kommunens helsetjeneste? • Hvilke tiltak er innført for å ivareta sårbare barn og unge? • Hvordan har implementeringen av tiltak ute i organisasjonen fungert, og hvordan har samhandlingen mellom ledernivåer og tjenestoområder vært?
<p><u>Formål:</u> Formålet med prosjektet er å evaluere kommunens håndtering av korona-utbruddet med sikte på å identifisere læringspunkter.</p>	

- I hvilken grad har kommunen samarbeidet med andre aktører i forbindelse med krisehåndteringen (sykehus, nabokommuner, storbykommuner, fylkesmann mv.)? I hvilken grad har samarbeidet styrket den samlede krisehåndteringen?
- Hvilke lærdommer kan trekkes av håndteringen av korona-utbruddet?

Hvis datamaterialet tilsier det, kan revisor foreta mindre justeringer av problemstillingene underveis. Større endringer i problemstillingene må avklares med kontrollutvalget.

REVISJONSKRITERIER

Revisjonskriterier er elementer som inneholder krav eller forventninger, og vil bli brukt til å vurdere funn i de undersøkelser som gjennomføres. Kriteriene skal være begrunnet i, eller utledet av, autoritative kilder innenfor det reviderte området.

På et mer overordnet plan, er det lagt til grunn fire prinsipper for alt beredskapsarbeid:

- **Likhetsprinsippet** innebærer at organiseringen man opererer med til daglig og den som benyttes i beredskapssituasjoner skal være mest mulig lik.
- **Ansvarsprinsippet** innebærer at den som har ansvar for et fagområde i en normalsituasjon, også har ansvar for nødvendige beredskapsforberedelser og for å håndtere beredskapssituasjoner innenfor det samme området.
- **Nærhetsprinsippet** innebærer at beredskapssituasjoner organisatorisk skal håndteres på lavest mulig nivå.
- **Samvirkeprinsippet** innebærer at det stilles krav til at enhver organisasjon har et selvstendig ansvar for å sikre best mulig samvirke med relevante aktører i arbeidet med forebygging og håndtering av beredskapssituasjoner.

Prinsippene vil være sentrale revisjonskriterier for å bedømme krisehåndteringen.

For øvrig er følgende kilder aktuelle for å utlede revisjonskriterier:

- Lov om kommunal beredskapsplikt, sivile beskyttelsestiltak og Sivilforsvaret (sivilbeskyttelsesloven)
- Forskrift om kommunal beredskapsplikt
- Lov om vern mot smittsomme sykdommer (smittevernloven)
- Kommunens planverk for smittevern, beredskap og krisehåndtering

En viktig del av prosjektet blir å utlede presise målekriterier for å kunne bedømme kommunens håndtering av korona-krisen. Dette arbeidet vil ta utgangspunkt i autoritative kilder og prinsipper, for så å utlede hva som er kjennetegn på god praksis.

AVGRENSNING OG METODE

Som nevnt er siktemålet med forvaltningsrevisjonen å undersøke kommunens håndtering av korona-utbruddet. Første del av prosjektet vil gå med til å kartlegge krisehåndteringen i et ledelses- og styringsperspektiv. I andre del av prosjektet vil vi se nærmere på hvordan tiltak innenfor to tjenestefelt, er implementert ute i organisasjonen og hvordan samhandlingen har fungert. I begge tilfeller vil det være aktuelt å undersøke hvordan samarbeid og samhandling på tvers tjenesteområder, og mellom kommunen og ulike eksterne aktører, har fungert.

Vi ønsker å rette særskilt oppmerksomhet mot to tema: Tiltak innen helsetjenesten for å håndtere smittesituasjonen og tiltak rettet mot sårbare barn og unge.

Hvilke virksomheter som vil inngå i undersøkelsen vil bli vurdert underveis i prosjektet, etter hvert som bildet av den overordnede krisehåndteringen blir klarere. Datainnsamlingen vil dermed ha et element av «snøballutvelgelse», dvs. at funn og opplysninger i en tidlig fase blir brukt til å velge ut aktuelle virksomheter i en senere fase. Er det spørsmål om større justeringer, vil dette bli tatt opp med kontrollutvalget for avklaring.

Det er valgt en metodisk innfallsvinkel i prosjektet som er ment å balansere hensynet til datafangst på den ene siden og hensynet til ikke å forstyrre kommunens ledelse og ansatte unødig i den situasjonen kommunen befinner seg i.

Følgende datakilder er aktuelle i prosjektet:

Dokumenter

- I CIM (Crisis Information Management) som er et digitalt krisestøtteverktøy som benyttes av kommunene, er det lagt inn mye tilgjengelig informasjon som prosjektet kan benytte. Her inngår blant annet beredskapsplaner, ROS-analyser, tiltakskort, varslinger, loggføring, medieomtale, rapportering, øvelser, opplæring og møtoreferater fra ulike møter i beredskapsorganisasjonen mv.
- Relevant dokumentasjon ifm. koronahåndteringen som ikke er lagt inn i CIM. Koronasituasjonen har vedvart over tid, og det kan være grunn til å tro at en del beredskapsdokumentasjon er lagret og oppbevart andre steder enn i CIM. Det vil også være interessant å se om dette krisestøtteverktøyet har fått en større eller mindre anvendelse etter hvert som tiden går.
- Møtoreferater fra utvalgte ledergruppemøter innenfor de mest berørte tjenesteområdene.
- Møtoreferater fra politiske utvalg som har håndtert ulike sider ved korona-krisen.

Andre skriftlige kilder kan være aktuelle etter hvert som prosjektet gjennomføres.

Observasjon

- Hvis mulig: Delta på enkelte krisehåndteringsmøter for å observere pågående diskusjoner og beslutningsprosesser.

Intervjuer

- Intervjuer med sentrale representanter for politisk og administrativ ledelse.
- Intervjuer med beredskapssjef og andre nøkkelpersoner i beredskapsarbeidet.
- Gruppeintervjuer med utvalgte ledergrupper for tjenesteområdene.
- Intervjuer med sentrale representanter for helsetjenesten og representanter for virksomheter innen helse, samt med utvalgte ledere og ansatte innen virksomheter med særlig ansvar for å ivareta sårbare barn og unge i oppveksttjenestene.
- Det *kan* også bli aktuelt å intervju et knippe nøkkelpersoner blant eksterne samarbeidspartnere

OMFANG

Tidsanslag til prosjektplanlegging, kartlegging, analyser og rapportering estimeres til ca. 260 timer. Det forutsettes et tett samarbeid med representanter for kommunen.

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	11.06.20	13/20

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REGLEMENTET TIL KONTROLLUTVALET – ENDRINGAR SOM FØLGJE AV NY KOMMUNELOV

Sekretariatet sitt framlegg og si innstilling til kommunestyret:

Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av ny kommunelov.

Reglementet blir endra i samsvar med vedlagt reglement (med tillegg/endingar).

Vedlegg: framlegg til revidert reglement for Suldal kontrollutval

Saksorientering:

Bakgrunn

Reglement for kontrollutvalet blei fyrste gong vedteken av Suldal kommunestyre i møtet 06.09.11, sak 60/11. Reglementet hadde bakgrunn i tilråding frå kommunaldepartementet om at kommunane burde ha eigne reglement for kontrollutvalet.

Kommunelova har seinare blitt endra i 2012 og 2013, som fekk innverknad på reglementet. Reglementet blei då endra i 2014 etter kommunestyrevedtak 21.10.14, sak 65/14, etter innstilling frå kontrollutvalet same haust.

Kommunelova har no over fleire år hatt ein omfattande revisjon og blei vedtatt av Stortinget 22. juni 2018 med verknad frå ny kommunestyreperiode hausten 2019. Dette gjer at reglementen på nytt vert lagt fram for kontrollutvalet og kommunestyret for ny revidering. I følgje departementet bør reglement uansett bli gjennomgått og revidert minst ein gong kvar valperiode.

Endringar i vedlagt reglement er markert ved at dei er stroke over, og nytt framlegg og ny tekst er farga med rødt skrift.

Reglementet er delt inn i 8 kapittel. Det omhandlar mellom anna om formål med å ha kontrollutval, val og samansetting, oppgåver, møte- og sakshandsamingsreglar og andre tilhøve. Kapittel 8 om høyring var nytt i 2014.

Endringane er som nemnt grunna i at kommunelova er endra og ny forskrift om kontrollutval og revisjon (no i felles forskrift) blei utarbeida i 2019.

Kontrollutvalet sine verkemidlar

Kontrollutvalet har ein rekkje verkemidlar for å utføre sitt arbeid og vide heimlar for å skaffe seg den informasjon som dei treng for å klårlegge i kontrollsaker. Utvalet må i kvart tilfelle vurdere om ei sak i tilstrekkeleg grad er klårlagt, spesielt dersom ressursane ikkje strekkjer til eller er mangelfulle. Eventuelt må utvalet ta opp med kommunestyret om å få tilført ekstra midlar.

Kontrollutvalet handlar på vegne av kommunestyret, og kan iflg. kommunelova § 23-2:

”kreve at kommunen legger fram enhver opplysning, redegjørelse eller dokument som utvalgt finner nødvendig for å gjennomføre sine oppgaver. Kontrollutvalget kan også gjennomføre undersøkelser som det mener er nødvendige. Taushetsplikt er ikke til hinder for å gjennomføre kontrolltiltak etter dette leddet.

Kontrollutvalget har rett til å være til stede i lukkede møter i folkevalgte organer i kommunen.

Kontrollutvalet har ulike måtar å skaffe seg informasjon på. Frå «verktøykassa» kan her nemnast (rankert etter kva som er minst og mest ressurskrevjande):

- orientering frå rådmann/kommunedirektør og andre tilsette i møte,
- informasjonsinnsamling av sekretariatet,
- undersøking/avgrensa undersøking av revisor,
- forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll,
- gransking av eit spesielt tilfelle innanfor eit område eller
- høyring i regi av kontrollutvalet.

Høyring vil seie at kontrollutvalet i møte skaffar seg informasjon i ei sak ved å be bestemte personar til å uttale seg munnleg, på spørsmål frå medlemmene. Det er berre eit fåtall kommunar i landet som har nytta dette, og inga kommunar på Haugalandet. Frå dei kommunane som har gjennomført høyringar er røynsla at dette er svært krevjande å gjennomføre, og avhengig av sakstype, kan stille store krav til kontrollutval og sekretariat.

Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT) utarbeida i 2014 ein rettleiar og framlegg til reglement, som blei tatt inn som kap. 8. Kommunelovutvalet har seinare meint at det ikkje var naudsynt med nasjonale reglar, men oppmoda kommunar som skal gjennomføre høyring om å fastsetje lokale reglement.

Kontrollutvalet er direkte underlagt kommunestyret, og endring av reglement må difor bli vedteke der. Saka er også med å legitimere kontrollutvalet si bruk av sine verkemiddel og til at kommunen og dei folkevalte blir betre kjend at desse virkemidla kan nyttast.

Ordet «tilsyn» er tatt ut av reglementet for å skilje mellom kommunen sitt kontrollarbeid og den kontroll som fylksmannen eller andre statlige tilsynsmyndigheiter gjer gjennom sine tilsyn, tilsvarande som i kommunelova.

Sekretariatet sine vurderingar

Sekretariatet har vurdert det slik at det vil vere nyttig for utvalet å fortsatt ha sitt eige reglement. Sjølv om ein del reglar, som før var ulovfesta, er komen inn i den nye kommunelova, er det fortsatt greitt å ta dette inn i reglementet for nærare utdyping og supplement.

Aksdal, 04.06.20

Odd Gunnar Høie
Seniorrådgjevar/utvalssekretær

Reglement for Suldal kontrollutval

Vedteke av Suldal kommunestyre 06.09.11, sak 60/11, endra 21.10.14, sak 65/14 og xx.xx.20, sak xx/20

VIRKEOMRÅDE

~~Lov 25. september 1992 nr 107 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar vedtatt av kommunal og regionaldepartementet 15. juni 2004 (kontrollutvalsforskrifta) gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.~~

Lov 22. juni 2018 nr. 83 om kommunar og fylkeskommunar (kommunelova) og forskrift om kontrollutval og revisjon, vedteken av Kommunal- og moderniseringsdepartementet 17. juni 2019 med heimel i kommunelova § 23-2, § 24-2 og § 24-4 gjeld for heile kontrollutvalet si verksemd.

I tillegg gjeld følgjande reglement:

INNLEIING

Kommunestyret har det øvste tilsynet ~~ansvaret for å kontrollere med den kommunale forvaltninga~~ **kommunen si verksemd**, og kan krevje ei kvar sak lagt fram for seg til orientering eller avgjerd. Kommunestyret kan gjere om vedtak som er gjort av andre folkevalde organ eller administrasjonen, i same utstrekning som desse sjølve kan gjere om vedtaket, jf. kommunelova § ~~76~~ **§ 22-1**.

1. KONTROLLUTVALET

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret stå føre det løypande tilsynet **kontroll** med ~~forvaltninga~~ **kommunen si verksemd**, under dette sjå til at kommunen har ei forsvarleg revisjonsordning.

Kontrollutvalet skil seg i stor grad frå andre kommunale styre, råd og utval då utvalet ikkje skal drive politisk verksemd, og heller ikkje skal overprøve politiske prioriteringar gjort av andre folkevalte organ **eller andre kommunale organ**.

Kontrollutvalet skal framstå som eit kompetent, uavhengig, objektivt og synleg organ med høg integritet.

Kontrollutvalet sine medlemmer og varamedlemmer ~~vert tilbydd~~ **har rett på** deltaking på kommunen sin folkevaldopplæring, tilsvarande som for kommunestyremedlemmene.

2. FØREMÅL

Kontrollutvalet skal medverka til å sikre at det er allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyste på best mogleg måte og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

Utvalet skal bl.a. sjå etter at:

- kommunen sine årsrekneskaper vert revidert på ein trygg måte,
- **det vert ført kontroll med at den økonomiske forvaltninga er i samsvar med lov og vedtak**
- kommunen brukar ressursar til å løyse oppgaver som er i samsvar med kommunestyret sitt vedtak og føresetnad,
- kommunen sin ressursbruk er effektiv når det gjeld dei mål som er sett på området,
- lov og reglar vert etterlevd i den kommunale forvaltninga **verksemda**,
- kommunen sitt styringsverktøy er hensiktsmessige,
- resultatata i tenesteproduksjonen er i tråd med kommunestyret sin føresetnad.

3 VAL OG SAMANSETTING

Kontrollutvalet skal ha **minst** 5 medlemmer. Kommunestyret vel medlemmer og varamedlemmer til kontrollutvalet som første sak etter val av formannskap og ordførar/varaordførar i det konstituerande møte. Minst 1 av dei valde medlemmane i kontrollutvalet skal vere medlem av kommunestyret.

Kommunestyret vel leiar og nestleiar. ~~Utvalseleiar~~ ~~bør veljast frå eit av dei partia som utgjer opposisjonen.~~ **Utvalseleiar kan ikkje vere medlem av same parti eller tilhøyre same gruppe som ordføraren.** Det bør takast omsyn til kontinuitet i utvalet.

Utelukka frå val er ordførar, varaordførar, medlem og varamedlem av formannskap, medlem og varamedlem av ~~kommunal nemnd~~ **folkevald organ** med avgjerdsmynde og tilsette i kommunen. Utelukka frå val er òg ~~styremedlemmer~~ personar som har leiarstilling, eller er medlem eller varamedlem av styret eller bedriftsforsamlinga , i et selskap som kommunen har eigarinteresser i ~~kommunal eigde selskap, samt styremedlemmer i selskap som kommunen driv saman med andre kommunar~~ **eller i eit interkommunalt politisk råd eller eit kommunalt oppgåvefelleskap.**

Kommunestyret kan når som helst skifte ut kontrollutvalet. Ved utskifting av ein eller fleire medlemmer av utvalet skal alle medlemmene veljast på nytt.

4. GENERELL INSTRUKS

Kontrollutvalet skal følgje lov og forskrift og - så langt det høver- dei reglar og retningslinjer for sakshandsaming, møteorden og møtestyring m.m. som er fastsett i Suldal kommunestyre 20.06.17, sak /17, jf. reglement for kommunestyret og politiske utval.

4.1 Teieplikt

For medlemmene, varamedlemmene og sekretariatet for kontrollutvalet gjeld dei allmenne reglane om teieplikt i forvaltningslova. Kontrollutvalet sin medlemmer **og varamedlemmer** skriv under eigen teieplikterklæring.

4.2 Etikk

Utvalet skal ha fokus på kommunen sine etiske retningslinjer og skal i sitt arbeid bidra til å ivareta og styrke innbyggjarane sin tillit til den kommunale verksemd.

Medlemmene bør unngå å komme i situasjonar som vil føre til at det kan stillast spørsmål ved vedkommande sin integritet og dei vert oppmoda til registrere seg i KS sitt styrevervregister.

5. OPPGÅVER

Kontrollutvalet kan i prinsippet ta opp alle forhold ved kommunen si verksemd, så lenge det kan definerast som kontroll og tilsyn. Kontrollutvalet kan hjå kommunen, utan hinder av teieplikt, krevja alle opplysningar, utgreiingar eller alle dokument, og gjera undersøkingar som det finn naudsynt for å gjennomføra oppgåvene.

Ansvar for å gjennomføra vedtak ligg til rådmannen, jf. kommunelova ~~§ 23.~~ § 13-1. Utvalet skal føra tilsyn kontroll med at vedtak vert sette i verk og etterlevde.

5.1 Internkontroll

Kontrollutvalet fører tilsyn med at forvaltninga av kommunen sine verdjar kontroll med at kommunen si verksemd er forsvarleg sikra ved eit forsvarleg internkontrollopplegg, jf. kommunelova kapittel 25, og dersom det vert naudsynt gje innstilling med tilråding om at det må gjerast tiltak.

5.2 Årsrekneskap/årsmelding

Kontrollutvalet skal sjå til at årsrekneskapane til kommunen og kommunale selskap og føretak vert reviderte på ein trygg måte, og halda seg orientert om revisjonsarbeidet. Kontrollutvalet skal, gjennom sitt tilsyn med revisjonen, skaffa seg naudsynt innsyn i at rekneskapen ikkje inneheld vesentlege feil eller manglar.

Kontrollutvalet skal gi uttale til kommunestyret om rekneskapane, med kopi til formannskapet. Kopien må vere formannskapet i hende tidnok til at det kan ta omsyn til han før det gir innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret.

5.3 Forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at det årleg jamleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda til kommunen.

Gjennom forvaltningsrevisjon kan kontrollutvalet undersøkje om kommunen etterlever regelverk, når fastsette mål, og om ressursane blir forvalta på ein effektiv måte. Kontrollutvalet skal, innanfor dei rammene som er gjevne av kommunestyret, velje tema og utforme problemstillingar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og verksemda i kommunen sine selskap.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Som grunnlag for ein slik plan skal det gjennomførast ein overordna analyse av kommunen si verksemd basert på risiko- og vesentlegvurderingar. Planen skal godkjennast av kommunestyret.

Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

5.4 Selskapskontroll Eigarskapskontroll

Kontrollutvalet skal sjå til at det blir gjennomført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap. Kontrollutvalet skal kontrollere om den som utøver kommunen sine eigarinteresser gjere dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyre sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. I heileigde kommunale selskap har kontrollutvalet rett til å vere til stades i generalforsamling, representantskap og andre eigarorgan. Kontrollutvalet og kommunen sin revisor skal varslast når det skal haldast slike møter.

Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret har konstituert seg, utarbeide ein plan for gjennomføring av selskapskontroll eigarskapskontroll.

Kommunestyret kan fastsetje reglar for **kontrollutvalet** si kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap **omtalt i kommunelova §23-6 fyrste ledd og kva dokument mv. som skal sendast til kontrollutvalet.**

Kommunestyret kan delegere til kontrollutvalet å gjere endringar i planen.

5.5 Gransking

Kontrollutvalet skal kunne setje i verk gransking av enkeltsaker/forhold. Formålet er å avklare faktiske forhold og analysere årsaker, og under dette om ein eller fleire enkeltpersonar har gjort feil eller brote reglar.

Gransking kan iverksetjast på eige initiativ eller dersom ordførar eller minst 3 av kommunestyremedlemmene ber om det.

5.6 Orientering frå rådmannen/kommunedirektøren

Kontrollutvalet kan som ledd i å føre ~~tilsyn med forvaltninga~~ **kontroll med kommunen si verksemd** be rådmannen/**kommunedirektøren** orientere om aktuelle saker og tema.

6. MØTE OG SAKSHANDSAMING

Møta i kontrollutvalet haldast for opne dører, jf. kommunelova ~~§ 31~~ **§ 11-5**, såframt utvalet ikkje vedtek noko anna. Vedtaket må vere grunna med gyldig lovheimel.

Dørene skal stengjast dersom utvalet skal handsama opplysningar som er underlagt teieplikt, jf. Kommunelova ~~§ 31 nr 2~~ **§ 11-5**.

6.1 Førebuing / møteinnkalling / sakliste

Sakliste vert sett opp av leiaren i samråd med sekretariatet. Innkalling med sakliste til møtet skal med høveleg varsel sendast til utvalsmedlemmene og varamedlemmene, ordførar og revisor. Dei to sistnemnde har møte- og talerett i møta til kontrollutvalet.

Rådmannen/**kommunedirektøren** får **alltid** tilsendt innkalling med sakliste til orientering, og ~~møte~~ **må møte** når han vert kalla inn til møta. Rådmannen eller andre tilsette i kommunen kan bli innkalla til kontrollutvalet for å orientere om ei sak eller gje opplysningar i konkrete tilfelle. Når tilsette i kommune vert kalla inn til møte, skal rådmannen bli orientert om dette på førehand.

Rådmannen kan la seg representera av fullmektig når han finn dette høveleg og kontrollutvalsleiaren elles samtykkjer. Kontrollutvalet kan invitere eksterne personar for å opplyse eller orientere om ei sak.

Møteinnkalling og sakskart er offentlege, men saker som skal unnatakas ålmenta etter lov og forskrift, skal gjerast anonyme på sakskartet. Saksdokument som er merka *"Ikkje offentleg, jamfør off.lova."* vert berre sende ut til dei som skal ha slike dokument for å ta stode i saka.

6.2 Møtestruktur

Utvalet sin leiar er møteleiar. Ved forfall fungerer nestleiar. Har begge forfall, blir særskild møteleiar vald ved fleirtalsval.

Kontrollutvalet kan berre treffe vedtak dersom minst halvparten av medlemmene er til stades under møtet.

Vedtak vert fatta med fleirtal av dei røystene som vert gjevne. Ved likt røystetal i andre saker enn val, vert leiaren si røyst avgjerande.

Utvalet kan treffa vedtak i ei sak som ikkje stod på møtekartet, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av medlemmene set seg imot dette.

6.3 ~~Habil/inhabil~~ **Inhabet for folkevalte**

Kommunelova § 40 nr. 3 § 11-1 gjeld òg kontrollutvalet. Når det blir spørsmål om ein medlem er inhabil, skal ikkje medlemmen vere med å handsama spørsmålet, men gå frå møtet.

Dersom ein medlem veit at han vil vera inhabil, må han melda ifrå om dette på førehand, slik at varamedlem kan verta innkalla.

6.4 Melding frå utvalet

Det skal først møteprotokoll frå møta. Revisor kan forlange utsegnene sine på møta protokollerte. Utskrift av møteprotokollen skal sendast til medlemmene, varamedlemmene, revisor, ordførar og rådmann/**kommunedirektør**, og dessutan til kommunestyret til orientering.

Protokollen skal godkjennast i neste møte og ~~bør~~ **skal** vere sendt ut på førehand.

Særutskrifter frå kontrollutvalsmøtet skal sendast til rådmannen/**kommunedirektør** når det vert gjort vedtak som krev handling frå han/ho **eller som kopi når revisjon eller andre er mottakere**.

Saker frå kontrollutvalet skal normalt fremjast direkte til kommunestyret for handsaming. I saker der kontrollutvalet har innstillingsrett, har verken administrasjonssjef **rådmann/kommunedirektør** eller folkevalde organ høve til å gje innstilling. Innstillingsretten til kontrollutvalet er knytt til saker der kontrollutvalet rapporterer resultat av sitt arbeid. Dette gjeld mellom anna:

- plan for forvaltningsrevisjon,
- plan for ~~selskapskontroll~~ **eigarskapskontroll**,
- rapportar frå gjennomførte forvaltningsrevisjonar,
- rapportar frå gjennomførte ~~selskapskontrollar~~ **eigarskapskontrollar**,
- rapportering om saker som ikkje er følgde opp av administrasjonen,

Saker som skal realitetshandsamast av kommunestyret, skal oversendast til ordførar.

6.5 Oppfølging

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunestyret sine vedtak i samband med gjennomførte forvaltningsrevisjonar, blir følgde opp. Kontrollutvalet sitt ansvar for oppfølging er retta mot både administrasjonen og andre folkevalde organ. Kontrollutvalet skal også rapportere til kommunestyret om korleis kommunestyret sine merknadar til forvaltningsrevisjonsrapportar er blitt følgde opp. I tillegg skal det rapporterast om tidlegare saker som etter utvalet si meining ikkje er blitt følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

6.6 Fråsegner/uttale

Kontrollutvalet kan gje fråsegn eller uttale seg i saker det får seg førelagt eller i saker dei sjølv vel å handsame. Det er utvalet som organ som skal gje slik fråsegn eller uttale.

6.7 Innsyn og undersøking.

Utvalet skal sjå til at det vert sett i verk undersøking når dette er vedteke av kommunestyret. Utvalet skal sjølv syte for at det vert føreteke undersøking når dei finn det naudsynt.

Kontrollutvalet kan krevje dei opplysningane som er naudsynt for å gjennomføre kontrollar frå interkommunale selskap etter IKS-lova, interkommunale politiske råd, kommunale oppgåvefellesskap, aksjeselskap der ein kommune aleine eller saman med andre kommunar, fylkeskommunar eller interkommunale selskap direkte eller indirekte eigar alle aksjar.

Kontrollutvalet si innsynsrett og rett til å gjere undersøkingar gjeld også overfor andre verksemder som utfører oppgåver på vegne av kommunen. Innsyn og undersøkingar skal imidlertid berre omfatte det som er naudsynt for å undersøke om kontrakt er oppfylt.

Det ligg føre plikt for rådmannen/**kommunedirektøren** å rapportere eventuelle mistankar om misleghald og monalege avvik til revisjonen, som på si side har plikt til å rapportere dette vidare til kontrollutvalet.

6.8 Rapportering

Kontrollutvalet skal rapportere til kommunestyret resultatet av dei undersøkingar som er gjennomført og resultatet av desse. Dette skal skje ved at uttale til årsrekneskap vert send kommunestyret med kopi til formannskapet, forvaltningsrevisjonsrapportar og rapportar om ~~selskapskontroll~~ **eigarskapskontroll** vert lagt fram for kommunestyret saman med innstilling som også inneheld tilrådingar, samt at kontrollutvalet legg fram årsmelding som vert sendt kommunestyret til orientering.

7 ANDRE FORHOLD

7.1 Sekretariatet

Kommunestyret skal sørge for at kontrollutvalet har den sekretærhjelpa som utvalet treng. Sekretariatet skal sjå til at dei sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreidde og at vedtaka i utvalet vert sette i verk.

Den som utfører sekretariatfunksjonen for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgja dei retningslinene og pålegga som utvalet gjev.

7.2 Bruk av sakkyndig hjelp

Kontrollutvalet kan innhente sakkyndig hjelp utover bistand frå sekretariatet og revisjonen når det vert vurdert som naudsynt.

7.3 Budsjett

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar ~~kontroll- og tilsynsarbeidet~~ **kontrollarbeidet** i kommunen. Kontrollutvalet skal lage framlegg til budsjett som skal følgje formannskapet si innstilling til årsbudsjett til kommunestyret **etter kommunelova kapittel 14.**

7.4 Møte- og talerett i kommunestyret

Leiaren og nestleiararen har møterett i kommunestyret og talerett når utvalet sine saker blir handsama. Er leiar eller nestleiar hindra frå å møte, kan den utvalet peikar ut, få møte- og talerett i kommunestyret i han/ho sin stad.

7.5 Informasjon

Det er normalt lei av kontrollutvalet som uttalar seg til pressa og andre, på vegne av kontrollutvalet, om saker som utvalet har til handsaming.

7.6 Val av revisjonsordning

Kommunestyret avgjør sjølv om kommunen skal tilsetje eigne revisorar, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon eller inngå avtale med annan revisor. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

7.7 Val av revisor

Dersom kommunestyret vedtek å konkurransetsette heile eller deler av revisjonen, gjer kommunestyret sjølv val av revisor etter innstilling frå kontrollutvalet.

7.8 Val av sekretariatsordning

Kommunestyret vel sjølv sekretariat for kontrollutvalet. Vedtaket skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-7.

8. HØYRING

8.1 Virkeområde og føremål

Kontrollutvalet kan holde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meiner ein her eit møte i kontrollutvalet der ein mottar munnlege forklaringar frå personar som er bede om å møte for å få nærare opplyst ei spesiell sak eller eit saksområde.

Formålet med reglementet er å sikre at kontrollutvalet og kommunestyret får den informasjon som dei treng i kontrollsaker, ei god framdrift i høyringa, samstundes som omsynet til dei som blir kalla inn blir teke vare på.

8.2 Førebuing av høyring

Kontrollutvalet kan med vanleg fleirtal vedta at det skal haldast høyring i ei kontrollsak, og kven som skal kallast inn for å møte. Høyringa skal i utgangspunktet være open, men kontrollutvalet kan likevel med vanleg fleirtal vedta at heile eller deler av høyringa skal være lukka. Vedtaket om heilt eller delvis å gjennomføre høyringa for lukka dører må være grunna med gyldig lovheimel.

Kontrollutvalet må klart definere føremålet med høyringa og kva utvalet ventar å oppnå. I tillegg bør kontrollutvalet kunne vente å få grunnlag for kva lærdom som kan trekkast ut av høyringa kontra bruk av andre verkemiddel.

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet særskilte saksførebuinge møte. Kontrollutvalet bør gjennomgå dei problemstillingane som dei ønskjer skal bli opplyste, med sikte på å gjere utspørjinga mest mogeleg effektiv. Utvalet må også ta stilling til kor mykje bakgrunnsinformasjon som det er naudsynt å innhente for å gjennomføre høyringa. Vidare bør det òg bli fastsett ein framdriftsplan for høyringa.

I dei saksførebuinge møta fastset kontrollutvalet kven som skal veljast som hovudspørjar under høyringa, jf. pkt. 8.4. Kontrollutvalet kan i tillegg til hovudspørjar også velje fleire utspørjarar blant utvalet sine medlemmer. Valet av hovudspørjarar bør skje ut frå omsynet til å få saka breitt opplyst.

8.3 Den innkalla si stilling

Rådmannen/kommunedirektøren har møteplikt ved innkalling til høyring. Andre tilsette i kommunen kan innkallast direkte for å møte til høyring. Rådmannen skal i slike tilfelle alltid varslast, og skal ha høve til å vere til stades. Spørsmål skal stillast direkte til den som er innkalla, men rådmannen skal gis høve til å supplere forklaringa om han/ho meiner det er ønskeleg.

Eksterne aktørar kan inviterast til å møte til høyring for å gje opplysningar.

Den som blir kalla inn eller invitert til å møte til høyring, skal varslast i så god tid som mogleg. Innkallinga skal angi den eller dei saker som kontrollutvalet ønskjer forklaring om. Kopi av dette reglementet skal leggjast ved. Det skal vidare opplysast om høyringa skal være open, og at det vil bli tatt referat. Dei som møter skal ha tilgang til kontrollutvalet sine saksdokument, viss ikkje reglar om unntak frå offentlegheit/ teiepliktfastset seier noko anna.

Dersom eit spørsmål ikkje kan svarast på utan å røpe opplysningar som er under lovbestemt teieplikt, bør den innkalla gjere kontrollutvalet merksam på dette. Den innkalla kan be kontrollutvalet om å få gje forklaring heilt eller delvis for lukka dører. Dersom det blir sett fram slik oppmoding, skal kontrollutvalet avbryte høyringa, og handsame spørsmålet i lukka møte.

Den innkalla skal ha høve til å ha med ein medhjelpar. Den innkalla har rett til å konferere med hjelpar før svar blir gjeve. Dersom møteleiar gjer høve til dette, kan hjelpar supplere forklaringa. Dersom hjelpar krev honorar må betaling av desse utgiftene bli avklart på førehand.

8.4 Gjennomføringa av høyringa

Kontrollutvalet si leiar skal fyrst orientere om temaet for høyringa og dei prosedyrane som gjeld. Leiaren ser etter at spørsmåla held seg innanfor det tema som er definert, og at den innkalla sin rettstryggleik blir ivareteke.

Før kontrollutvalet startar si utspørjing, skal den innkalla få inntil 10 minuttar til å gje si versjon av saka. Leiaren kan utvide den innkalla si taletid i så stor grad som det blir sett som naudsynt for å opplyse saka.

Høyringa byrjar med at valt hovudutspørjar stiller sine spørsmål. Deretter får dei andre medlemmene i kontrollutvalet ordet til spørsmål i den rekkefølge som dei ber om. Etter at utspørjinga er over, skal den innkalla få høve til å gje ei kort sluttkommentar.

Kontrollutvalet sine medlemmer skal ikkje ha meiningsutveksling under høyringa. Medlemmene skal heller ikkje kommentere dei svar som blir gjeve, anna enn der dette inngår som ein naturleg del av eit oppfølgingsspørsmål. Upassande eller fornærmeleg åtferd eller spørsmål er ikkje tillate og skal påtalast av møteleiar.

Eit medlem av kontrollutvalet kan krevje at høyringa blir avbroten for at kontrollutvalet skal handsame den vidare framdrift, mellom anna framlegg om at høyringa skal avsluttast eller fortsette for lukka dører.

Kontrollutvalet kan berre ta imot teiepliktsopplysningar for lukka dører. Under ei open høyring må kontrollutvalet sine medlemmer ikkje referere eller vise til opplysningar underlagt lov- eller instruksfesta teieplikt.

8.5 Etterarbeid

Kontrollutvalet skal utarbeide rapport frå høyringa. Rådmannen skal ha høve til å uttale seg til rapporten, jf. kommunelova ~~§ 77 nr. 6~~ § 23-5. Rådmannen sin uttale skal ligge ved rapporten.

Rapporten oversendast kommunestyret for sluttbehandling, med innstilling frå kontrollutvalet

9. IVERKSETJING

Reglementet trer i kraft straks det er vedteke av kommunestyret.
